



Arkivnr: 2015/11483-1

Saksbehandlar: Einar Aalen Hunsager

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015

Låg- og nullutsleppsferjer i Hordaland - Høve til stønad frå NOx-fondet

Samandrag

Fylkesutvalet har vedtatt at framtidas fylkesvegsamband skal driftast med lågutslepp, og nullutslepp der dette kan forvarast teknologisk og økonomisk. Næringslivets NOx-fond er ei viktig finansieringskjelde i den samanheng.

I dag har Næringslivets NOx-fond berre godkjenning for å drifta fondet ut 2017. For å få stønad i dag må tiltak vere sette i drift før utgangen av 2017. Med omsyn til ferjeanboda treng Hordaland fylkeskommune klårheit i om NOx-fondet kan sikre finansiering av ferjer som vert sette i drift etter 2017. Ein kan ikkje vente til ein ny avtale om NOx-fondet er på plass i 2016.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ber Næringslivets NOx-fond setje til side midlar slik at ferjeoperatørar som søker støtte før utløpet av 2017, men får sine fartøy sjøsatt i åra 2018-2020, likevel kan motta støtte frå NOX-fondet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.11.2015

Skyss er i gong med å utarbeide konkurransegrunnlag for nye ferjekontrakter i Hordaland. Fylkesutvalet har vedtatt at framtidas fylkesvegsamband skal driftast med lågutslepp, og nullutslepp der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Skyss ønsker ikkje å stille krav om framdriftsteknologi for det einskilde sambandet, men planlegg i staden å sikre låg- og nullutslepp ved bruk av maksimalkrav til CO2-utslepp for dei sambanda som inngår i den einskilde kontrakten, kombinert med at tilboda skal evaluerast på bakgrunn av pris og miljø.

Dei 17 fylkesvegsambanda skal driftsetjast i 2018 (2 stk), 2019 (1 stk) og 2020 (14 stk). Ettersom ferjeoperatørane vil ha behov for tid til ombygging/ bygging av nybygg, vil utsleppskravet tildelegast gjelde frå januar 2019.

Ettersom Næringslivets NOX-fond berre har godkjenning for å drifta fondet ut 2017, samt at fondet først kan utbetale støtte etter at eit fartøy er ute av verft og blitt testa, er fylkeskommunen svært usikker på NOx-fondets relevans for fylkeskommunes arbeid for låg- og nullutslepp på ferjesambanda i Hordaland. Fylkeskommunen er kjend med at Klima og miljødepartementet og næringslivsorganisasjonane ønsker å vidareføre avtalen om drift av NOx-fondet og at forhandlingane om ein ny avtale truleg startar våren 2016. Likevel må fylkeskommunen på dette tidspunkt forhalde seg til det faktum at NOX-fondet kanskje ikkje lenger vert drifta på tidspunktet når våre låg- og nullutsleppsferjer vert sjøsatt.

På denne bakgrunn er det naudsynt at Næringslivets NOx-fond set til side midlar slik at operatørar som søker støtte før utløpet av 2017, men får sine fartøy sjøsatt i åra 2018-2020, likevel kan motta støtte frå NOX-fondet.